



Harald Sagstad
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/3397 - 19/37833

Saksbehandlar:
Øystein Hafnor Kolstad
oystein.hafnor.kolstad@lindas.kommune.no

Dato:
17.12.2019

Landbrukssask Gbnr 137/7 - Varsel om dokumentkontroll 2019

Varsel om dokumentkontroll etter søknad om produksjonstilskot i jordbruket 2019 for føretaket 876532042 Harald Sagstad

Lindås kommune v/landbrukskontoret viser til føretaket 876532042 sin søknad om produksjonstilskot i jordbruket for 2019.

I følge § 10 i Forskrift om produksjonstilskot, skal kommunen kontrollere at utbetaling av produksjonstilskot til aktuelle føretak er korrekt. Føremålet er å sikre at opplysningane i søknaden dannar rett grunnlag for utrekning av tilskot, og at tilskotet vert nytta til aktiv jordbruksproduksjon.

Rundskriv 2018-31, punkt 5, seier at minst 10 % av søkjarane i kommunen skal kontrollerast kvart år.

Forvaltningslova § 15, gjev reglar for korleis kontrollen skal gjennomførast, **og vi melder med dette at føretaket ditt er valt ut til kontroll etter gjeldande søknadsomgang.** Kontrollen skal gjennomførast som dokumentkontroll.

Kontrollen vil omhandla:

- Gjødselplan for 2019.

Bed om at gjødselplan for 2019 vert sendt til Lindås kommune, Kverhusmyrane 41, 5914 Isdalstø eller på epost til postmottak@lindas.kommune.no innan måndag 6. Januar 2020.

De har rett til å klage over avgjerda om å gjennomføre kontroll av føretaket sin søknad. Klagen kan vere munnleg eller skriftleg, men må fremjast straks, og seinast innan tre dagar frå de mottar varslinga. Det vert sett vekk frå helgedagar.

Ved spørsmål til kontrollen, kan de kontakte underteikna.



Med helsing

Kjartan Nyhammer
landbrukssjef

Øystein Hafnor Kolstad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Forskrift om gjødslingsplanlegging - Lovdata

Mottakarar:

Harald Sagstad

5911

ALVERSUND